



Lindås Senterbygg As
Kanalvegen 4
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/5455

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
17.02.2017

Pålegg om installering av fettutskiljar Mama Rosa, Lindås senter

Teknisk drift, VVA, syner til tidlegare korrespondanse vedkomande krav om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter. Kommunen har ved fleire anledningar gitt forlenga frist for å få på plass lovpålagt anlegg. Teknisk drift meiner at Mama Rosa og Lindås senter har fått god tid til å få på plass anlegget og vil nå sette ei endeleg frist for når anlegg skal være på plass.

Vedtak:

Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» vert det fatta **vedtak om pålegg** om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter. Teknisk drift sett nå ei endeleg frist for å få på plass anlegg ved Mama Rosa i Lindås senter.

Frist for installering av anlegg vert sett til: 15.05.2017.

Før installering av anlegg skal rørleggjar sende inn registreringsmelding på anlegg for godkjenning hos Teknisk drift. Med registreringsmelding skal det leggest ved berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg, teikningar/situasjonskart som viser kor anlegg er plassert i /utenfor bygg, samt kor tilknyttingspunkt til offentleg leidningsnett er lokalisert. Dersom anlegg skal plasserast i bygg må ein ta høgde for romtemperatur ved val av størrelse på anlegg. Ved innvendig plassering må ein gå opp i størrelse på anlegg. Vi gjer merksam på at det i Lindås kommune er sett krav til minste tilletne størrelse på utskiljaranlegg (forskrift for fettutskiljar Lindås kommune). Anlegg som er mindre enn NS 4 vil ikkje verte godkjent.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Lindås Senterbygg As

Kanalvegen 4

5955

LINDÅS